



Notat

Dato: 17.11.2014
Arkivsak: 2014/22289-5
Saksbehandlar: Iarbirik

Til:	Per Nordmark
Frå:	Lars Øyvind Birkenes

Melding om oppstart av planarbeid (områdeplan) og høyring av planprogram for bru over Masfjorden – Masfjorden kommune - Innspel om kulturminne

Viser til brev av 13.10.2014 med vedlegg, med melding om oppstart av arbeid med områdeplan og høyring av planprogram for bru over Masfjorden mellom Duesundøy og Sandnes.

Planprogrammet viser på s. 7 under *Kulturminne og kulturmiljø* til at det er kjent fleire kulturminne i området:

På Sandnes-sida omfattar dette kyrkja, kyrkjegarden, og hamneområdet, som utgjer eit heilskapleg miljø. Det er også fleire SEFRAK-registrerte bygningar. På andre sida av fjorden er det kjent eit fjerna busetnadsfunn på Duesundøy. Det er og registrert marine kulturminne; skipsvraket D/S Masfjord. Planprogrammet bør avklare om kunnskapsgrunnlaget er tilstrekkeleg til å vurdere konsekvensane av plan og tiltak, eller om det bør gjerast supplerande undersøkingar. Det gjeld både på land og område i sjø.

Planproduktet, spesielt arealplankartet og føresegner/retningsliner, bør vera konkret og oversiktleg slik at det er minst mogleg konflikt med kulturminneinteresser. Freda kulturminne bør visast på plankart som bandlagt areal. Vi vil rå kommunen til å bruka dei databasane og kjeldene som er tilgjengeleg når det gjeld arealdisponering i forhold til kulturminneinteresser. Her kan nemnast Riksantikvaren sin database Askeladden (<http://askeladden.ra.no>) når det gjeld automatisk freda kulturminne, vedtaksfreda kulturminne og listeførte kyrkjer/gravplassar. SEFRAK-registeret over nyare tids bygningar/ruinar. I tillegg er det viktig å få fram informasjon om kulturminne som t.d. steingardar, vegar, vegfar, sjøbruksmiljø, marine kulturminne etc.).

I samband med at oppstartsmeldinga for områdeplan og høyring av planprogram omfattar store areal i sjø, må saka oversendast Bergen sjøfartsmuseum (BSM) for vurdering.

Undersøkingssplikta etter § 9 i Kulturminneloven skal utførast i samband med reguleringsplan.

I utgangspunktet ser det ut til at slik det vert skissert i oppstartsmeldinga vil alternativet med flytebru og rundkjøring på kote +10 vera det mest skånsame for kjende kulturminne og kulturlandskap på Sandnessida på landarealet. Avstand til ilandføringspunkt er over 300 meter og ein unngår oppbygging og høge skjeringar i terrenget.